Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 16.06.2021
Vår ref: 2021/9004
Dykkar dato:
Dykkar ref: Kristian Råsberg

BOLSTAD BRUK AS
Flakkavågsvegen 12
5694 ONARHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom N Pedersen, 5557 2119

Rapport frå inspeksjon ved Bolstad Bruk AS, lokalitetane Utlebøen, Skogseidvatnet III og Ospenes i Skogseidvassdraget

Kontrollnummer: 2021.386.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Kristian Råsberg, Lars Gammersvik, Lena Vermedal, Stig Allan Brandvik

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Gunn Helen Henne og Tom N. Pedersen (kontrollørar), Kristine Hetlesæter (observatør)

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Bolstad Bruk AS sine settefiskanlegg i Skogseidvassdraget i Bjørnafjorden kommune 4. juni 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 1 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen:

- Avvik 1: Verksemda bryt med vilkåra for utsleppsløyvet
- Merknad 1: Verksemda sin internkontroll som gjeld ytre miljø kan forbetrast

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.
Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Bjørnafjorden kommune

1 Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Bolstad Bruk AS	
Organisasjonsnr.: 982 326 435	**Eigd av:**
Bransjenr. (NACE-kode): 03.222 - Produksjon av yngel og settefisk i ferskvannsbasert akvakultur	

Kontrollert eining

Namn: Lokalitetane Utlabøen, Skogseidvatnet III og Ospeneset	**Anleggsnr.:** Utlebøen: 4624.0142.01 Ospeneset: 4624.0154.02 Skogseidvatnet III: 4624.0172.01
Kommune: Bjørnafjorden	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Laksefiskproduksjon på land	
Løyve gitt: Utlebøen: 10.05.2007 Skogseidvatnet III: 05.11.2007 Ospeneset: 10.04.2003	**Sist endra:**

2 Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sit tiltaksarbeid etter vassdirektivet..

Settefiskanlegga i Skogseidvassdraget har i lang tid stått for ei felles overvaking av miljøtilstanden i Skogseidvassdraget. Rapportane frå overvakinga syner fleire klare utviklingstrekk og samanhengar:

- Miljøtilstanden har i fleire år synt ei negativ utvikling.
- Produksjonen i anlegga og følgjande utslepp til vassdraget har auka jamt dei siste ti – tolv åra.
- 80% av fosfortilførslene til Skogseidvatnet kjem frå oppdrettsanlegga.
- Skogseidvatnet står i Vann-nett oppført med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.
- Henangervatnet står i Vann-nett oppført med moderat økologisk tilstand grunna for høge verdiar av klorofyll a.

Miljøtilstanden i vassdraget stetter ikkje lenger krava i vassforskrifta om minst god økologisk tilstand. Statsforvaltaren har og mottatt klagar frå grunneigarlaget om algeoppblomstringar i vassdraget.

Utsleppsløyva til settefiskanlegga er alle eldre enn ti år. Dei bør difor gjennomgåast og få oppdaterte vilkår i tråd med dei endringane som har skjedd i vassdraget og med i tråd med dei endringane som har skjedd i næringa.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Utsleppsløyvet, vilkår om produksjon, utslepp og reinsing
- Internkontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

- **Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.
- **Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3 Oppfølging etter inspeksjonen

Bolstad Bruk AS K J Eide Fiskeoppdrett AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 9. juli 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde for å halde seg innafor grensene i utsleppsløyvet og for å stette miljøkvalitetsstandardane etter vassforskrifta.

Vidare oppfølging etter tilsynet er gjort greie for under punkt 7.

4 Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 30. april 2021. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av vår ressursbruk må Bolstad Bruk AS betale eit gebyr på **kr 20 300,-** for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må

likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5 Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova). Inspeksjonsrapportar blir også tilgjengelege på Miljødirektoratet sin database Norske utslipp på www.norskeutslipp.no.

6 Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda si drift bryt med vilkåra i utsleppsløuva

Avvik frå:
Utsleppsløyva for lokalitetane Skogseidvatnet II og Ospenest

Kommentar til regelverket:
Utsleppsløyva har spesifisert tillat produksjon som årleg produksjon mål i tonn biomasseproduksjon. I tillegg er det sett eit tak for maksimalt fôrforbruk, som er ei øvre grense som er sett for at det ikkje skal nyttast meir fôr enn strengt naudsynt. Som for alle utsleppsløyve så er det biomassproduksjonen som er avgrensinga.

Våre observasjonar
Settefiskproduksjonen i Skogseidvassdraget har vore aukande dei siste 20 åra. Dette er godt dokumentert gjennom 20 år med overvaking av vassdraget. Overvakinga vart sett i gang då det var uvisse knytt til om vassdraget ville tole desse utsleppa utan negative utslag på miljøtilstanden.



Figur 1: *Samla oppdrettsproduksjon i Skogseidvassdraget dei siste 20 åra. Lokaliteten Berlandstveit vart lagt ned etter 2016 sesongen.*



Figur 2: *Bolstad Bruks AS sin andel av den samla oppdrettsproduksjon i Skogseidvassdraget.*

Som synt i tabell 1 (under) har produksjonen på begge lokalitetar vore klart høgare enn grensa i løyvet. Overskridinga av grensene i løyvet i kombinasjon med miljøtilstanden i Skogseidvassdraget gjer at dette blir vurdert som eit alvorleg avvik.

Tabell 1: *Produksjonen ved lokalitetane Utlebøen/Skogseidvatnet III og Ospeneset dei siste 5 åra. Avgrensinga i utsleppsløyva er ein årleg produksjon på 140 tonn.*

Lokalitet	Løyvet, tonn	2016	2017	2018	2019	2020
Ospeneset	50	52265	100518	79835	85769	105215
Utlebøen, klekkeri		11895	13480	15946	12689	14215
Skogseidvatnet III, merd	90	138040	152378	136610	142284	145934
Samla løyve og produksjon	140	202200	266376	232391	240742	265364
Overskriding av løyvet, %		**44**	**90**	**66**	**72**	**89**
Overskriding av løyvet, tonn		**62**	**126**	**92**	**101**	**125**

Merknad 1: Verksemda sin internkontroll som gjeld ytre miljø kan forbetrast

Bolstad Bruk AS har prøvetaking av vatn og slam frå landanlegget, men har ikkje nytta desse til å kontrollere om utsleppa stettar krava i løyvet. Vi vil her presisere at vi ikkje ser grunn til å tru at utsleppa frå landanlegget er større enn føresett.

Bolstad Bruk AS har sett mål for ytre miljø, men nokre av desse måla samsvarer ikkje med vilkår i løyvet og er ikkje kopla. Det er sett mål om at biologisk fôrfaktor ikkje skal overstige 1,0, samstundes som at det er målsett at fôrforbruket ikkje skal overstige eit forbruk som føreset ein fôrfaktor 1,4.

Bolstad Bruk AS har sett som mål at dei årlege overvakingsrapportane «skal evaluerast og ein skal setja i verk eventuelle tiltak». Overvakingsrapporten frå 2020 er ikkje den første som gir grunnlag for iverksetjing av tiltak, noko vi ikkje har sett enno.

7 Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Verksemda sitt løyve etter forureiningslova

8 Andre tilhøve

Utsleppsløyva til settefiskanlegga i Skogseidvassdraget er alle av eldre dato, dei vart gitt i perioden 2003 til 2007. Det er få vilkår knytt til løyva, og dei som står i løyvet er til dels upresise. Unntaket er avgrensinga av produksjonen.

Utsleppsløyva treng å oppdaterast. Det har Statsforvaltaren høve til å gjere med alle løyve som er eldre enn 10 år, jf. forureiningslova §18, 3. ledd.

Miljøtilstanden i Skogseidvassdraget er no komen i tilstandsklasse moderat og dårleg, avhengig av parameter. Tiltak er naudsynte. Utsleppa av fosfor til vassdraget er for store og desse må ned.

Kva for tiltak som skal iverksetjast vil Statsforvaltaren ta stilling til etter at alle tilsyna i vassdraget er ferdige og etter at vi har hatt eit felles møte med alle oppdrettarane i vassdraget.